

paa *pergament* eller *bókfell*, det er sauskinn eller kalvskinn, som er vel maka og sletta. — Runeskrifti heldt seg likevel i innskrifter jamsides latinsk skrift til umkr. 1400 (paa Island til 1500).

I fyrstningi vart den nye skrifti mest bruka til aa skriva av messebøker og andre bøker til kyrkjebruk paa latinsk maal (*bokmål*). Men det hev ikkje vart lenge fyrr dei tok til aa skriva paa heimemalet ogso. Av Sverres soga og Heimskringla veit me soleis at *den trøndske Graagaas* (ei logbok) vart uppskrivi fyre 1047; og *kristenretten* er vel endaa eldre. Paa Island vart den fyrste logboki — *Haflidaskrá* — uppskrivi i 1118; ho vart snart utvida og fekk namnet (*den islandske*) *Graagaas* etter den gamle trøndske. Men umfram loger og nokre religiøse bøker synest der ikkje ha vore skriva noko paa norsk fyrr enn islendingen *Ave frøde* skreiv *Islendingabók* (umkr. 1130), som gjev ei yversyn yver politiske og kyrkjelege tilstand paa Island fraa landnaamstidi til 1120.

I siste helvti av det 12te hundr. skreiv ein lærd og gløgg islending ei utgreiding um skrivemaaten av det gamle maal. Etter 1150 kann me segja det tek til aa laga seg ein bokavl. I fyrstningi, til umkr. 1200, skreiv sume paa latin og sume paa norsk*); men snart fekk norske heilt yvertaket, og det veks fram eit egte folkelegt bokrike paa heimemalet. Baade heimlandet og nybygdene var med aa reisa dette bokriket. Her heime hev *trønderne* og *vestlendingarne* skriva mest; men *islendingarne* hev gjort mykje meir

*) Sogar paa latin skreiv *Tjodrek* (munk i Nidaros 1179), *Odd Snorrasen* og *Gunnlaug Leivsson* (munkar paa Tingøyre, Island 1190). Umfram dette hev me endaa tvo merkelege historiske skrifter paa latin av ukjende bokskrivarar fraa umkr. 1200.